

1 **Vedtekter for Kvam Arbeidarparti**

2 **3 Vedtekne på ekstraordinært årsmøte 4.12.2012**

4 **§ 1. Formål**

5 Kvam Arbeidarparti skal arbeida for Arbeidarpartiet etter dei retningslinjene som partiet
6 har lagt fram i program, lover og vedtak.

7 **§ 2. Organisasjonen si oppbygging**

8 Medlemsmøtet er Kvam Arbeiderparti sitt høgaste organ mellom årsmøta. Det er årsmøte
9 i Kvam Arbeiderparti som avgjer kommune partiet si organisasjonsoppbygging.

10 **§ 3. Årsmøte**

11 1. Til årsmøtet i Kvam Arbeidarparti vert alle medlemmer med tale- og forslagsrett
12 invitert.

13 2. Kvam Arbeidarparti held årsmøte i rimeleg tid før Hordaland Arbeidarparti sitt
14 årsmøte. Årsmøtet må kunngjerast minst 4 veker i førevegen.

15 3. Årsmøtet behandlar årsmelding frå styret og heradsstyregruppa. Vidare skal
16 rekneskap, budsjett for kommande år og innkomne forslag behandlast.
17 Styremedlemmene har ikkje røysterett på årsmøtet ved behandlinga av årsmelding og
18 rekneskap.

19 4. Ekstraordinært årsmøte vert avhelde når medlemsmøtet avgjer det. Ekstraordinært
20 årsmøte skal kunngjerast minst 4 veker i førevegen, og møtet kan berre handsama dei
21 saker som framgår av saklista ved kunngjering om ekstraordinært årsmøte.

22 5. Utsendingar til årsmøtet i Hordaland Arbeidarparti, revisorar vert valde på årsmøtet. Ei
23 valnemnd førebur vala. Styret legg gram forslag til valnemnd.

24 **§ 4. Medlemsmøte**

25 1. Medlemsmøtet har det høgste mynde i Kvam Arbeidarparti mellom årsmøta og tek
26 avgjersle i alle saker som ikkje er lagt til partistyret eller heradsstyregruppa.

27 2. Medlemsmøte vert halde så ofte styret bestemmer det eller når heradsstyregruppa ber
28 om det.

29 3. Alle medlemmer i Kvam Arbeiderparti har stemmerett i medlemsmøtet.

30 4. Medlemmer av partiet si heradsstyregruppa skal ta del i medlemsmøtet.

31 5. Når medlemsmøtet handsamar kommunale saker, skal heradsstyregruppa fremja
32 innstilling i den enkelte sak.

33 **§ 5. Styret**

34 1. Styret i Kvam Arbeidarparti har 7 medlemmer. Mellom desse er leiar, nestleiar,
35 kasserar, studieiar, sekretær og kvinnekontakt. Kvinnekontakten skal ha ansvar for
36 kvinnenettverket i kommune partiet. Styret vert vald for eit år om gongen. Til styret skal
37 det veljast 5 varamedlemmer for 1 år.

- 38 2. Ein representant for AUF i Kvam tiltrer styret med tale-, forslags- og røysterett. Om
39 det er fleire AUF-lag i kommunen, vert AUF-representanten vald i eit felles AUF-
40 styremøte.
- 41 3. Styret leiar partiarbeidet i kommunen og skal sikra ein god kontakt mellom
42 heradsstyregruppa og medlemmene. Leiaren i heradsstyregruppa og medlem i
43 fylkestingsgruppa skal kallast inn til styremøte. Styret vel representantar til regionsmøter
44 og -konferansar.

§ 6. Nominasjon til kommunestyreval

- 45 1. Styret i Hordaland Arbeidarparti fastset tidsfristane for nominasjonsprosessen.
- 46 2. Medlemsmøtet vel ei nominasjonsnemnd på 5 medlemmer med varamedlemmer etter
47 forslag frå styret.
- 48 3. Styret ber medlemmene innan ein fastsett frist å senda nominasjonsnemda forslag på
49 medlemmer dei ynskjer nominert. *Kort frist.*
- 50 4. Nominasjonsnemnda arbeider ut eit førebels forslag til liste som skal offentleggjerast
51 for medlemmene. Listeforslaget skal òg omfatta forslag på ordførar og varaordførar.
- 52 5. Medlemmene skal innan nærmere fastsett tidsfrist senda sine endringsforslag til
53 nominasjonsnemda.
- 54 6. Medlemsmøtet føreteke den endelege nominasjonen på eit eige nominasjonsmøte. På
55 nominasjonsmøtet legg nominasjonsnemnda fram sitt endelege forslag til liste der dei
56 endringsforsлага nemnda har slutta seg til, er innarbeidde. Før det tek til med sjølv
57 nominasjonen, fastset nominasjonsmøtet kor mange som skal kumulerast/uthevast.
58 Ordførar og varaordførar vert nominert først. Dei skal uthevast.
- 59 7. Kommuneval-programmet må sluttbehandlast før nominasjonane vert gjorde.
- 60 8. Rådgjevande avstemning over kandidatane kan haldast, før nominasjonsnemda
61 fremmer sitt fyrste nummererte listeforslag.
- 62 9. Eit medlem av nominasjonsnemda er å sjå som inhabil når han/ho er foreslått
63 nominert. Nominasjonsnemda skal vurdera vedkomande sin habilitet når han/ho er eller
64 har vore gift eller sambuar med foreslått person. I høve der eit medlem av
65 nominasjonsnemda vert vurdert som inhabil, skal vedkomande tre ut av nemnda og
66 varamedlem trer inn som nytt fast medlem i nemnda.
- 67 10. Ved nominasjonen kan det ikkje stillast opp kandidatar som tek atterhald om å stå
68 fritt i visse saker, og møtet kan heller ikkje gje slikt tilsegn.

§ 7. Heradsstyregruppa

- 69 1. Etter eit heradsstyreval skal styret så snart råd er kalla inn partiet sine representantar
70 i det nye heradsstyret til eit fellesmøte med styret for å konstituera heradsstyregruppa.
- 71 2. Styret og heradsstyregruppa innstiller i fellesskap overfor medlemsmøte på partiet
72 sine kandidatar til formannskap og andre styrer, råd og utval.
- 73 3. Styret gjev fullmakt til ein forhandlingsdelegasjon som på vegne av Kvam
74 Arbeiderparti skal forhandla fram posisjonar i forkant av konstituering av heradsstyre.
75 Partiet sin ordførarkandidat skal vera ein del av forhandlingsdelgasjonen. Fullmaktene

78 skal gje rammer og strategi for forhandlingane. Forhandlingsdelegasjonen skal leggja
79 fram innstilling som vert handsama av medlemsmøtet i Kvam Arbeiderparti.

80 4. Heradsstyregruppa skal i samarbeid med styret arbeida etter partiprogrammet,
81 vedtekter og vedtak. Gruppa er ansvarleg overfor Kvam Arbeidarparti.

82 5. Leiaren i Kvam Arbeidarparti og inntil to andre styremedlemmer utpeika av partistyret,
83 tiltrer heradsstyregruppa med tale-, forslags- og røysterett. Det siste medlemmet i
84 heradsstyregruppa vert tilført gruppa i dei høve den før tilførsla er i partal, slik at
85 heradsstyregruppa kan ta fleirtalsavgjersler.

86 6. Heradsstyregruppa held møte så ofte det trengst og skal framfor kvart møte i
87 heradsstyret gå gjennom saklista for møtet.

88 7. Det skal førast protokoll på møta til heradsstyregruppa. Gruppa legg fram ei
89 årsmelding på årsmøtet til Kvam Arbeidarparti.

90 8. Vedtak i heradsstyregruppa eller i Kvam Arbeidarparti er bindande. Ønskjer nokon å
91 stå fritt i slike vedtak, må heradsstyregruppa eller medlemsmøtet ta avgjersla om dette.

92 9. Dei som i følgje kommunelova er ugilde ved behandlinga av ei sak, kan ikkje delta i
93 røystingar i saka i heradsstyregruppa eller i partiorganana elles.

94 10. Partirepresentantane i kommunale styre og utval skal danna grupper. Desse
95 gruppene skal organiserast og arbeida etter dei reglane som er fastsette for
96 heradsstyregruppa under punkta 3 - 8.

97 11. Styret skal i samarbeid med heradsstyregruppa syta for at det vert halde fellesmøte
98 med partirepresentantane i kommunale styre og utval for å fremja eit godt og
99 planmessig samarbeid mellom gruppene.

100 12. Kommunale saker skal behandlast av medlemsmøtet når heradsstyregruppa ber om
101 det, eit fleirtal i heradsstyregruppa krev det, når styret gjer vedtak om det eller når
102 medlemsmøtet ber om det.

§ 8. Revisjon

104 Årsmøtet vel 2 revisorar med vararevisorar. Desse reviderer rekneskapen og gjev
105 innstilling til årsmøtet og til fylkespartiet.

§ 9. Kontingenten

107 Landsmøtet i Arbeiderpartiet fastset kor stor del av kontingensten som skal tilfalla
108 kommunepartia.

§ 10. Vedtekter

110 Vedtektena vert vedtekne av årsmøtet i Kvam Arbeidarparti og byggjer på
111 Arbeiderpartiet sine vedtekter og retningslinjer og må ikkje stå i strid med dei.
112 Desse vedtektena gjeld så snart dei er godkjende av styret i Hordaland Arbeidarparti. I
113 tilfelle Kvam Arbeidarparti vert oppløyst eller gjeve eit anna formål enn det som er
114 fastsett i § 1, skal midlar og eigedom tilfalla Hordaland Arbeidarparti.

§ 11. Rådgjevande uravstemning

116 1. Medlemsmøtet kan vedta å søkja råd i viktige politiske og organisatoriske saker i
117 form av rådgjevande uravstemning blant partiet sine medlemmer.

- 118 2. Styret har ansvaret for at det vert utarbeidd eit grunnlag for avgjersla som i
119 tilstrekkeleg grad utgreier saka som skal avgjerast.
120 3. Styret har ansvaret for at uravstemning vert gjennomført på ein forsvarleg måte,
121 etter nærmere retningslinjer fastsett av medlemsmøtet.
122 4. Vurdering av rådgjevande uravstemming skal alltid gjerast i forkant av
123 handsaming av saker.

124 **§ 12. Kvinnekontakt på kommunenivå**

- 125 Organisering av kvinnennettverket på kommunenivå vert regulert av retningslinjene for
126 Arbeiderpartiet sitt kvinnennettverk.